

kirke søndag 6. oktober kl. 11. Biskop, dr. theolog. Fridtjov Birkeli forretter.

Oslo domprosti, 18. september 1968.

Fredrik Knudsen.»

De representanter som ønsker å delta i guds tjenesten, anmodes om å samles i trappehallen i stortingsbygningen søndag 6. oktober kl. 10.40, så man etter gammel skikk kan gå sammen til kirken.

Møtet hevet kl. 12.00.

---

#### Møte onsdag den 2. oktober kl. 13.

President: Ingvaldsen.

#### Åpning av det 113. ordentlige Storting.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen seg kl. 13 i Stortinget, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 113. ordentlige Storting ved dets åpning.

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

I den nåværende internasjonale situasjon anser Norge det som en særlig viktig oppgave fortsatt å arbeide for mellomfolkelig sikkerhet og fred og internasjonal avspenning.

Gjennom De Forente Nasjoner, gjennom regionale organisasjoner og utbygging av samarbeidet med andre land vil Norge aktivt støtte alle tiltak med sikte på at konflikter kan bli løst gjennom forhandlinger. Den internasjonale utvikling det siste år har understreket nødvendigheten av å styrke De Forente Nasjoners evne til å løse konflikter og gjennomføre fredsbevarende tiltak.

Deltakelsen i den nordatlantiske forsvarsorganisasjon er nødvendig for å trygge Norges sikkerhet. NATO's forsvarsevne må opprettholdes. Med bibehold av det vern som NATO-samarbeidet gir, bør arbeidet for en gjensidig nedrustning fortsettes. Det er av særlig betydning at traktaten om ikke-spredning av kjernefysiske våpen får bredest mulig tilslutning. Regjeringen vil foreslå for Stortinget at Norge ratifiserer denne traktat.

Med utgangspunkt i drøftelsene på FN's konferanse om handel og utvikling vil Norge

arbeide aktivt for å finne løsninger på utviklingslandenes økonomiske og sosiale problemer.

I samsvar med den målsetting for Norges overføringer til utviklingslandene som kom til uttrykk ved Stortingets behandling av St. prp. nr. 109 for 1966–67, forutsettes en sterk øking av de offentlige bevilgninger i den kommende femårs-periode. Bidragene til de internasjonale programmer vil fortsatt være betydelige. Samtidig tas sikte på en relativt sterke øking av den bilaterale bistand. Det vil fortsatt bli gitt høy prioritet til faglig bistandsvirksomhet. Opplæring og undervisning vil bli viet stor oppmerksomhet i norsk utviklingshjelp.

Norge vil fortsette arbeidet for en friere verdenshandel og for å overvinne den handelspolitiske splittelse i Europa. Samarbeidet innen EFTA vil bli søkt styrket. Norge vil delta aktivt i arbeidet med å utrede mulighetene for et mer vidtgående nordisk økonomisk samarbeid.

I samarbeid med andre skipsfartsland vil Norge fortsatt arbeide for fri konkurranse på like vilkår i internasjonal skipsfart.

Forsvarets organisasjon og virksomhet vil bli basert på de nye hovedretningslinjer som er trukket opp for perioden 1969–1973 og vil ellers til enhver tid bli vurdert i lys av den internasjonale situasjon. Materiell-fornyelsene vil få en bred plass i programmet. Det vil bli lagt særlig vekt på effektivisering og rasjonalisering av vårt forsvars regionale og lokale organisasjoner.

Den økonomiske politikk tar sikte på tilfredsstillende vekst og balanse i både den indre og den ytre økonomi, arbeid for alle og en rettferdig inntektsfordeling. Hensynet til prisstabiliteten vil bli tillagt stor vekt ved opplegget av den økonomiske politikk. Spørsmålene omkring pris- og inntektpolitikken vil bli vurdert på grunnlag av Stortingsmeldingen som er lagt fram, og i nær kontakt med arbeidslivets og næringslivets organisasjoner.

Statsbudsjettet og nasjonalbudsjettet er utformet med sikte på fortsatt prioritering av undervisning og forskning, helsevesen og sosiale tiltak, boligbygging, distriktsutbygging og samferdselsformål. Det vil bli foreslått en øking av fradragene i statsskatten og en hiving av prosgresjonstrinnene. For å finansiere en utvidelse av vår bistand til utviklingslandene vil satsene for særskatten til utviklingshjelp bli foreslått forhøyet. Det vil også bli foreslått øking av enkelte andre særavgifter.

Som en del av en omfattende revisjon av vårt skatte- og avgiftssystem vil det bli lagt fram proposisjon til lov om merverdiavgift og forslag om en rekke endringer i skatte-

lovene med utgangspunkt i innstillingen fra Skattekomiteen av 1966.

Det vil bli lagt fram et langtidsprogram for årene 1970—73.

Funksjonsfordelingskomiteens innstilling angående avlastning av kommunenes økonomi og andre spørsmål vedrørende oppgavefordelingen mellom staten og kommunene vil bli vurdert og lagt fram for Stortinget. Ved endringer i syketrygdens finansiering, vil kommunenes utgifter i sykehussektoren bli betydelig redusert.

Regjeringen vil legge fram en stortingsmelding om retningslinjene for arbeidsmarkedspolitikken.

Det vil bli fremet proposisjon om revisjon av lov om offentlige tjenestetvister.

Det vil bli lagt fram proposisjon om endringer i sjømannsloven for å skaffe hjemmel for fastsettelse av verneregler for ungdom til sjøs.

Regjeringen vil arbeide for tiltak som kan fremme en balansert utvikling av bosetting og næringsliv i de enkelte deler av landet. Forholdene i Nord-Norge vil bli viet særlig oppmerksomhet. Virkemidlene i distriktsutbyggingen vil bli vurdert med sikte på en videre styrking av innsatsen innen distriktpolitikken. Utbyggingen av kommunikasjonene vil fortsatt bli samordnet med distriktsutbyggingen.

Spørsmålet om bruk av skattemessige virkemidler i distriktpolitikken vil bli forelagt Stortinget.

Stortinget vil få seg forelagt melding om det videre arbeid med landsdelsplanlegging når innstillingene fra landsdelskomiteene for Østlandet, Vestlandet og Trøndelag foreliger.

Utvilket støtte til grunnlagsinvesteringer og kommunale utbyggingstiltak vil bli foreslått.

Spørsmålet om en revisjon av presteutdannelsen, og forsøk med en differensiering av den kirkelige tjeneste vil bli tatt opp.

Arbeidet med sikte på en mer rasjonell utnyttelse av bevilgningene til skoleverket vil bli ført videre. Det vil bli lagt fram forslag til lov om private skoler. Forsøksvirksomheten i de videregående skoler vil bli utvidet. Stortinget vil bli forelagt en melding om utdanning av lærere til yrkesskolen.

Det samiske skoleverk vil bli styrket, bl. a. ved å søke å få opprettet gymnasklasser med samisk.

Staten vil medvirke sterkt til gjenreising av Svanvik folkehøgskole. Skoleanlegget i Longyearbyen utbygges.

Det vil bli lagt fram proposisjon til lov om støtte til skoleungdom og studenter til avløsning av lov om Statens lånekasse for studerende ungdom.

Forslag om prøvedrift med distrikthøgskoler vil bli fremet.

Svalbard vil få fjernsynssendinger.

Spørsmål angående støtten til teaterdriften vil bli utredet. Arbeidet med en støtteordning for musikkenskapene og en bedring av undervisningen i musikksektoren vil bli påskyndet.

Utbygging og styrking av omsorgen for funksjonshemmede vil bli intensivert i samsvar med Stortingets forutsetninger. Det vil bli foreslått å sette i gang drift av attføringscenter for Nord-Norge og antall plasser i vernebedrifter vil bli utvidet. Undervisningsstibudet til funksjonshemmede vil bli søkt bedret.

Det vil bli satt fram forslag om forhøyelse av folketrygdens grunnbeløp fra 1. januar 1969.

Spørsmålet om særlig tillegg til pensjonister som ikke har kunnet tjene opp tilleggspensjon i folketrygden og om en ordning med førtidspensjonering vil bli forelagt Stortinget, og spørsmålet om nedsettelse av den alminnelige pensjonsalder vil bli utredet.

Det vil bli fremet proposisjon om innpassing av syketrygden, yrkesskadetrygden og arbeidsløshetsstrygden i folketrygden. Videre tar en sikte på å fremme en proposisjon til ny lov om pensjonsordning for statens arbeidstakere til avløsning av lovene om Statens pensjonskasse, Statsbanenes pensjonskasse og Pensjonsordningen for statens arbeidere.

Det vil bli lagt vekt på utbygging av familiærådgivningsvirksomheten med sikte på at hele landet kan bli dekket med familievernkontorer i offentlig eller privat regi.

Det vil bli lagt fram en melding for Stortinget om verneskolene.

Ny lov om legevesenet og tiltak for å sikre en bedre tilgang på leger og tannleger samt en bedre distriktsvis dekning med slike personell vil bli foreslått.

En lovkomite til å utrede spørsmål i forbindelse med transplantasjon av menneskelige organer vil bli oppnevnt.

Tiltak for å øke boligbyggingen vil fortsatt bli gitt høy prioritet. Det vil bli lagt særlig vekt på å øke tilgangen på byggeklare tomter. Regjeringen vil arbeide videre med tiltak som kan føre til økt rasjonalisering av byggevirksomheten og til en bedre tilpassing på boligmarkedet.

Regjeringen vil legge fram forslag om disponering av de midler som staten får inn gjennom avdragsbetaling på nedskrivningsbidrag og stønadslån i statens boligbanker. Spørsmålet om omlegging av husleiestøtten vil bli forelagt Stortinget.

Stortinget vil videre bli tilstillet forslag til ny arvelov.

Spørsmål i forbindelse med offentlighetsprinsippet i forvaltningen vil bli forelagt Stortinget.

En stortingsmelding om omorganisering og utbygging av Statens forsøksvirksomhet i husstell og Statens veiledningskontor i heistell vil bli lagt fram. Det vil videre bli foreslått en ordning med statstilskudd til sykeviker i jordbrukskretsen.

Det arbeides med å finne fram til en ferieordning for landbruks- og fiskeribefolkingen.

Det vil bli lagt fram for Stortinget forslag til endring i loven om Norges Landbrukskole, og til ny lov om handel med kraftfor-

Det vil bli fremmet forslag om ny reindriftslov. Forskningen innenfor reindriften vil bli effektivisert og yrkesopplæringen for reindriftsamer vil bli utbygget.

Arbeidet med å finne løsninger på de kortsigte og langsiktige problemer i fiskerinæringen vil bli gitt høy priorititet.

Arbeidet med å legge til rette forholdene for en effektivisering av produksjonen og salgsarbeidet i fiskeriene vil fortsette. Markedsføringen av fisk vil bli viet særlig oppmerksomhet. Midler avsatt under støtteavtalen vil bli nytta til å fremme disse formål.

Den organisasjons- og produksjonsmessige tilpassing mellom de forskjellige ledd i næringen vil bli vurdert.

Spørsmål angående den høyere fiskeriutdannelse og om utbygging av undervisningen i fiskerinæringen for øvrig vil bli forelagt Stortinget.

Det vil bli etablert et forskningsutvalg for reiselivsnæringen.

Resultatene av de pågående undersøkelser om mulighetene for kortbaneplasser mellom Flesland og Vigra vil bli lagt fram, og tilsvarende undersøkelser for Lofoten/Vesterålen vil bli gjennomført.

Det vil bli lagt fram en stortingsmelding om en samlet norsk energipolitikk på lengre sikt.

Som et ledd i arbeidet med å lette næringslivets omstilling til nye konkurranseforhold, vil det bli fremmet forslag om et nytt kredittinstitutt og om en utvidelse av Tiltaksfondets virksomhet.

Stortinget vil få en melding om veiledningstjenesten og organisasjonsformen for husflid og småindustri og om den videre utbygging av Statens teknologiske institutt.

Det vil bli lagt fram forslag til et langsiktig økonomisk opplegg for A/S Norsk Jernverk.

Det vil bli utarbeidet planer for disponering av områder for frilufts- og naturvernformål og arbeidet med sikring og fredning av slike områder vil bli tillagt stor vekt.

Det vil bli fremmet forslag med sikte på å hindre vannforurensing og en stortingsmelding med forslag til retningslinjer for fredning av vassdrag.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 113. ordentlige Storting åpen.

*Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding*, lesen av statsråd Elsa Skjerven.

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

I mars 1968 la Regjeringa fram for Stortinget ei melding om samarbeidet i organisasjonen til Atlanterhavspakta som bygde på den føresetnaden at Noregs utanriks- og forsvarspolitikk også etter 1969 skal vere basert på medlemskap i NATO. Da Stortinget drøfta meldinga, vart føresetnaden for meldinga godkjend med stort fleirtal.

Samtidig som ein held fast på den trygd medlemskapen i NATO har gjevi, har Noreg haldi fram med arbeidet for nedrusting, internasjonal avspenning og mellomfolkeleg skjønsem. Noreg ønsker å styrke FN som eit effektivt instrument i fredsarbeidet og har støtt opp om dei fredsvernande tiltaka åt organisasjonen.

Invasjonen i Tsjekkoslovakia er eit klårt brot på FN-pakta og folkeretten og representerer ei open og ueimla innblanding i eit anna lands indre forhold. Intervensjonen har ført til at den utvikling mot avspenning og større samarbeid som var i gang i Europa, har fått eit alvorleg tilbakeslag. Invasjonen har både politisk og militært skapt ein ny situasjon i Europa. Denne situasjonen blir grundig drøfta i Alliansens organ.

Noreg har vori aktivt med i det internasjonale politiske, økonomiske, sosiale og humanitære samarbeidet i Dei sameinte nasjonane og i særorganisasjonane.

Generalsekretären har fått melding om at dei norske styrkane som står til rådvelde for FN-teneste, er innsatsklare. Gjennom dette konkrete tiltaket har Noreg vilja yte eit tilskot til å skape eit effektivt grunnlag for snøgt å setje i verk fredsvernande operasjoner.

I samsvar med den tradisjonelle holdning landet vårt har til internasjonalt humanitært hjelpearbeid, har Noreg gjevi monalege tilskot både gjennom internasjonale organisasjoner og beinveges til dei norske private organisasjoner som arbeider på dette feltet. Den norske offentlege innsatsen for å hjelpe ofra for borgerkrigen i Nigeria er hittil på

om lag 22 millionar kroner. I arbeidet for flyktningane har Noreg hjelpt til å lindre nauda, særleg blant flyktningane i Afrika og Midt-Austen, og har også støtt utdannings- og opplæringstiltak med sikte på å finne varige løysingar på flyktningproblema.

Med etterhald om samtykke frå Stortinget har Noreg skrivi under traktaten om ikkje-spreiing av kjernefysiske våpen. For å hjelpe til med det vitskaplege arbeidet for å registrere underjordiske ristingar, også atomsprenningar, har Noreg gjort ein avtale med Sambandsstatane om deteksjonsseismologi. Som ein lekk i dette samarbeidet vil det frå norsk side bli reist ein deteksjonsseismologisk stasjon på Austlandet.

I desember 1967 vedtok NATO's 15 medlemsland ein rapport om dei framtidige oppgåvene til alliansen. Rapporten slo fast at ein må halde oppe forsvarsevna til alliansen samtidig som det blir lagt vekt på å finne fram til tiltak som kan fremje avspenning. Det var semje om at alliansen til kvar tid må vurdere oppgåvene sine i lys av den internasjonale utviklinga.

Noregs hjelp til utviklingslanda har haldi fram i stigande tempo både gjennom internasjonale organ og ved direkte tiltak i samarbeid med desse landa. Ved at Stortinget har godkjent St. prp. nr. 109 for 1966–67 om vidare utbygging av Noregs hjelp til utviklingslanda, er grunnlaget lagt for ein større og breiare innsats i norsk hjelpeverksem. I denne samanhengen slutta Stortinget seg til at ein bør ta sikte på å nå fram til offentlege og private overføringer pr. år på minst 1 prosent av nettonasjonalproduktet i første halvdel av 1970-åra. Dette vil føre med seg at dei offentlege løvvingane etter kvart blir monaleg auka i åra framover. Stortinget godkjende også framleggjet frå Regjeringa om å skipe eit direktorat for utviklingshjelp.

Noreg har auka tilskota til m. a. Det internasjonale utviklingsfondet under Verdsbanken med 12 mill. dollar for 1968–70 og til Det internasjonale matvareprogrammet. Samarbeidet med India om utvikling av dei indiske fiskeria i samsvar med femårsavtalen av 1967 held fram. Den norske innsatsen i Aust-Afrika er i stadig vekst innanfor ramma av avtalar med Tanzania, Kenya, Uganda og Zambia. Tyrkia har fått eit nytt utviklingslån på 4,2 millionar kroner. Planane om nye felles nordiske prosjekt er komne langt, og det er gjort ein nordisk avtale om administrasjonsordninga for slike prosjekt. Samarbeidet med private organisasjonar om utviklingsfremjande tiltak held fram og er styrkt.

Utsiktene til ei snarleg løysing på den europeiske marknadsdelinga har ikkje betra seg

det siste året. Både den norske og dei andre søkerne om medlemskap i dei europeiske fellesskapene står framleis på saklista for EEC's ministerråd. I samsvar med vedtaket på det nordiske statsministermøtet i København 22.–23. april i år tek Noreg del i det omfattande utgreiingsarbeidet om vonene for å utvide det nordiske økonomiske samarbeidet.

Saman med dei andre nordiske landa har Noreg teki initiativet til eit nytt arbeidsprogram for Det europeiske frihandelssambandet (EFTA). Arbeidsprogrammet tek sikte på å utvide og styrke det handelpolitiske samarbeidet der det er mogeleg, og på ei nærmare presisering av føresegne i EFTA-konvensjonen, særleg på konkurranseområdet.

Noreg tek framleis aktivt del i arbeidet innanfor ramma av Generalavtalen om tolltariffar og handel (GATT) for å redusere dei internasjonale handelshindringane. Første steget av dei tollavtrappingar Noreg forplikta seg til under dei internasjonale handelstingane i GATT's regi 1964–67 (Kennedy-runden), vart sett i verk 1. juli. Avtrappinga var på 2/5 av den totale reduksjonen.

Noreg har vori aktivt med i arbeidet for å hindre gjennomføringa av nye restriksjonar mot utøvinga av fri internasjonal skipsfart.

Samarbeidet med utviklingslanda om å løyse dei økonomiske og sosiale problema deira har fått ein stendig breiare plass i alt internasjonalt samarbeid. Noreg var aktivt med på FN's 2. verdshandelskonferanse (UNCTAD II) i New Delhi i februar–mars 1968.

Den internasjonale kornordninga av 1967 vart sett i verk i 1968. I dette avtaleverket er det med både ein konvensjon om kveithandel og ein konvensjon om matvarehjelp, og Noregs tilskot i samsvar med dette er sett til rådvelde for Det internasjonale matvareprogrammet.

Den internasjonale kaffiavtalen av 1968 er underskriven med etterhald om samtykke frå Stortinget. Den gjeld i fem år.

Stortinget samtykte i juni i at Noreg tek del i ordninga med nye spesielle trekkrettar i Det internasjonale valutafondet.

I romteknologien er det eit omfattande internasjonalt samarbeid i emning, og Noreg vil delta aktivt for å kunne følgje med i den teknologiske utviklinga og prøve å nytte ut dei sjanske norsk industri kan få for leveransar til internasjonale prosjekt.

Noregs tilskot til Det internasjonale matvareprogrammet i tilskotsperioden 1966–68 var på 33 mill. kroner, av det  $\frac{1}{3}$  i kontantar og resten i matvareleveransar. Leveransane har for det meste vori fiskeprodukt, herunder tørrfisk.

Noreg er medlem av FN's «havbotnkomité»

1968. 2. okt. — Åpning av det 113. ordentlige Storting.

og tek aktivt del i drøftingane om å sikre havbotnen utanfor kontinentalsokkelgrensene for fredelege formål og om å sikre utnyttinga av naturressursane her til beste for menneskja.

I samarbeid med Danmark og Sverige har Noreg ført fram ei klage mot Hellas ved Den europeiske menneskerettsskommisjonen. Klaga er no teken opp til realitetsbehandling av kommisjonen.

Noreg har haldi fram med arbeidet for å spreie kjennskap i utlandet til norsk samfunns- og kulturliv. Noreg har vori aktivt med i det mellomfolkelege kulturelle samarbeidet, både innanfor ramma av tosidige avtalar eller program og innanfor organisasjoner som UNESCO, NATO, Europarådet og Nordisk råd.

I Forsvaret har verksemda følgt dei hovudretningslinene som vart dregne opp for perioden 1964–68, og har som siktet mål å følgje rullerande langtidsprogram, for dermed å få ei mest mogeleg effektiv og rasjonell utnytting av løyvingane.

Vedtekne organisasjonsendringar er gjenomførte eller under utføring.

Nyskaffing av materiell har auka til nærmare 20 prosent av budsjettet, og ein reknar med enda meir auke på denne delen av budsjettet. Av større planar om nyskaffing av materiell som er under gjennomføring eller førebuing, kan nemnast innkjøp av kjøretøy av ymse slag, stridsvogner og skyts til Hæren, utskifting av den delen av flåten som ikkje var med i Flåteplanen, og nyskaffing av maritime fly og transportfly.

Folkmengda var 3 828 000 pr. 1. oktober 1968, dvs. 0,9 prosent større enn på same tid i fjor.

Arbetsmarknaden har hittil i år vori mindre stram enn i same tidsrom i fjor, med veikare vekst i sysselsetjinga og noko større arbeidsløyse. Sidan andre halvår i fjor har det vori ein klar tendens til auke i talet på personar som er råka av driftsavgrensingar melde til arbeidsformidlinga. Det er særleg sysselsetjinga av menn som har hatt veikare vekst enn i fjor. For kvinner ligg veksten framleis på eit høgt nivå på grunn av den stendig sterke utvikling i servicenæringane. I første halvår låg talet på lønstakarar gjennomsnittleg 14 800 høgare enn året før. Ved utgangen av juli var det sysselsett 8 600 fleire lønstakarar enn for eitt år sidan, og registrert 3 100 fleire ledige. Auken i sysselsetjinga fall på dei tenesteytande næringane, medan både primær- og sekundærnæringane hadde nedgang.

Den samla produksjonen av varer og tenester var etter førebels utrekningar 3 prosent større for første halvår enn i tilsvarende periode i fjor.

Oppgåver over varebytet med utlandet viser at verdien av innførsla utanom skip i dei åtte første månadene var 10,7 milliardar kroner, eller om lag 300 millionar kroner større enn i same tidsrom i fjor. Verdien av utførsla, den òg utanom skip, gjekk i same tida opp med om lag 560 mill. kroner til 7,6 milliardar kroner. Nettoinnførsla av skip gjekk ned med 684 mill. kroner frå 1 358 mill. kroner i januar–juli 1967 til 675 mill. kroner i same tidsrom i år. Innførsla auka med 6 prosent i volum, medan utførslevolumet auka med 12 prosent frå januar–juli i fjor til same tidsrom i år. Prisane på innførte varer gjekk i same tida ned med 2,4 prosent og på utførte varer med 4,0 prosent. I dei sju første månadene av året var nettovalutafraktene av norske skip i utanriksfart 3 750 mill. kroner, eller 1 065 mill. kroner større enn i same tid i fjor. Det var i januar–juli eit overskot på driftsrekneskapen med utlandet på 550 mill. kroner mot eit underskot på 1 530 mill. kroner i dei sju første månadene i fjor. I tida januar–juli var det ein netto inngang av langsiktig kapital på 337 mill. kroner og netto utgang av kortsgiktig kapital på 887 mill. kroner. Den totale gull- og valutamengda auka i same tidsrommet med 722 mill. kroner.

I jordbruket var vekstvilkåra gode i størsteparten av landet så nær som i Nord-Noreg. For landet i det heile er avlingsutsiktene gunstige både for jordbruk og hagebruk. I husdyrproduksjonen reknar ein framleis med noko auking.

I skogbruket vart det i driftsåret 1966–67 avverka 7,4 mill. m<sup>3</sup> til sal og industriell produksjon. Førebels oppgåver for 1967–68 tyder på at det vart avverka om lag 6,2 mill. m<sup>3</sup>.

Utbrytet av fisket var i første halvdel av 1968 om lag 1,4 mill. tonn mot om lag 1,75 mill. tonn i same tid i fjor. Førstehandsverdet viste om lag like stor relativ nedgang, frå om lag 590 mill. kroner til om lag 485 mill. kroner. Utviklinga av eksporten har i fleire viktige greiner av næringa vori lite gunstig. Særleg er situasjonen vanskeleg for tørrfisk og sildolje.

I kvalfangsten i Antarktis var det i sesongen 1967–68 med eitt norsk kvalkokeri, eitt mindre enn i sesongen før. Fangstresultatet var etter måten bra. Det er teki av-

gjerd om at det ikkje skal sendast ut nokon norsk ekspedisjon på kvalfangst i Sørishavet i sesongen 1968—69.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei sju første månadene av året om lag 5 prosent større enn i same tid i fjor. Auken var 8 prosent i bergverksdrift, 4 prosent i industri og 15 prosent i kraftforsyning. Samanlikna med dei sju første månadene av 1967 auka produksjonen av eksportvarer med 7 prosent, av konsumvarer med 1 prosent og av investeringsvarer med 2 prosent. Produksjonen av varer til bygg og anlegg steig med 2 prosent og av varer til vareinnsats elles med 4 prosent.

Produksjonen av elektrisk kraft var 52,8 milliardar kWh i 1967. I dei sju første månadene av 1968 var produksjonen 33,9 milliardar kWh mot 29,4 milliardar kWh i same tidsrom i fjor. Magasinfyllinga var hausten 1968 noko därlegare enn på same tid i fjor. Det har framleis vori ei sterk utbygging av overførings- og samkjøringslinjer.

Byggjeverksemda har i dei sju første månadene i år legi om lag 4 prosent høgare enn i fjor rekna etter areal i arbeid. Sysselsetjinga i verksemda har i denne perioden gjennomsnittleg vori nær 1 prosent høgare enn året før, men har i sommar legi på praktisk tala same nivå som i fjor sommar. Av bustader er det dei sju første månadene fullført nær 2 400 fleire i år enn i fjor. Igangsetjinga viser derimot ein nedgang på om lag 1 700, men dette talet er påverka av den store igangsetjinga i desember 1967, som delvis hadde samanheng med dei nye reglane om omsetningsavgift.

A nleggsverksemda har frå januar til juli i år vori lågare enn i tilsvarende periode i 1967. Sysselsetjinga låg her jamtover 2 100 lågare enn i fjor. Utanom rasjonaliseringa kjem nedgangen særleg av redusert elektrisitetsutbygging og mindre aktivitet i privat anleggsvirksemde.

Handelsflåten auka med om lag 286 000 bruttotonn i første halvdel av 1968, og var på 19,0 mill. bruttotonn pr. 30. juni. Tanktonnasjen gjekk ned med 412 000 bruttotonn i første halvår. Ved halvårsskiftet var det under bygging eller tinga for norsk reknin ved utanlandske verkstader skip på til saman 2,7 mill. bruttotonn, dvs. ein nedgang på 1,0 mill. bruttotonn frå same tid i fjor. For tørrlastskip var fraktene på verdsmarknaden noko høgare i første halvår enn eitt år tidlegare. Tankratene låg i same perioden monaleg høgare enn eitt år tidlegare, da det først var i andre halvår i fjor — etter stenginga av Suezkanalen — at stigninga i tankfraktene sette inn. Ved utgangen av august låg 4 tørrlastskip på til saman 12 000 bruttotonn i opp-

lag, medan heile tankflåten var i verksemde.

S a m f e r d s l a i n n a n l a n d s v e k s stort sett i takt med aukande produksjon og stigande levestandard. Det er framleis vegtransport og lufttransport som aukar sterkest.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1967 på 68 300 km. Det er ein auke på om lag 1 600 km frå året før. 14 800 km offentleg veg hadde oljegrusdekke eller fast dekke. 13 100 km av riksvegnettet kunne trafikerast av vogner med akseltrykk på inntil 7 tonn, og på 6 550 km var 8 tonn akseltrykk tillati. Arbeidet med forsterking av bruer held fram. Det er skapt betre samanheng i vegnettet i kyststrøka ved nye ferjesamband og ein auke i frekvensen av eksisterande samband.

Ved utgangen av 1967 var bilparken på 711 000 vogner. Dette er nesten ei tredobling på 10 år. I seinare år har det vori stort tilvekst i bilparken i dei fylka der biltettleiken har vori minst. Det går såleis mot ei utjamning av biltettleiken i landet. I dei første åtte månadene av 1968 vart det registrert ca. 54 600 nye bilar, eller vel 500 færre enn i same tidsrom 1967. Vegtrafikken auka med om lag 10 prosent frå 1966 til 1967. Dette svarar til den gjennomsnittlege årlege trafikkuken i tida 1960—67.

Dovrebana vart opna for elektrisk drift fram til Otta i november 1967 og på strekningen Otta—Hjerkinn i september 1968. Statsbanene transporterte 32,4 mill. passasjerar i 1967. Dette var ein nedgang på 5 prosent frå året før. I første halvår i år steig passasjertalet med vel 6 prosent i forhold til same tidsrom i fjor. I 1967 har passasjertalet i fjerntrafikken stort sett vori stabilt, medan det framleis minkar i kortdistansetrafikken. Godsmengda, utanom transporten av malm på Ofotbana, auka i 1967 med 6,3 prosent. Malmtransporten på Ofotbana auka med 12,6 prosent i 1967. I første halvår i år har det framleis vori stigning i godstransporten ved Statsbanene.

Utviklinga av det innanlandske flyrutenettet heldt fram i 1967 med nye ruter, auka frekvensar og større fly. Helglandsruta vart opna 1. juli 1968. Ei ny rute vart opna mellom Vest-Noreg og Nord-Noreg. På dei innanlandske flyrutene steig passasjertalet med 23 prosent frå 1966 til 1967. På dei internasjonale rutene auka passasjertalet med 14 prosent. Hittil i år har trafikkuken vori ein god del veikare enn i dei seinare åra.

Sommaren 1968 har skip frå Hurtigruta sigla på Svalbard 6 gonger til vederlag for den tidlegare Svalbard-ruta.

I ferjedrifta er det frå sommaren 1968 innført eit felles takstregulativ for ferjer i riksvegsamband.

Det har vori auke i trafikkgreinene til Te-

legrafverket i 1967. Særleg sterkt har stigninga vori for automatiske rikstelefonsamtalar og teleksskrivingar. Om lag 95 prosent av den utgåande rikstelefontrafikken blir no avvikla utan ventetid. Av den samla innanlandske rikstelefontrafikken vart 31 prosent avvikla automatisk i 1967, og like mykje av telefontrafikken til utlandet. Ved utgangen av 1967 var det installert vel 977 000 telefonapparat ved telefonanlegga til Telegrafverket og tilknytingsnetta. Dette er ein auke på 7 prosent frå 1966. Bortimot tredjedelen av auken er apparat som vart overtekne frå private telefonselskap i 1967. Telefonettleiken er komen opp i 26 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. 80,7 prosent av apparaata er tilknytte automatiske telefonsentralar.

I Postverket auka talet på bokførte sendinger med 3,1 prosent og talet på brevpost-sendingar med 4,6 prosent frå 1966 til 1967. Talet på poststader var i 1967 komi ned i ca. 4 000 som ein lekk i ei omlegging til færre og større poststader og med distribusjon bl. a. ved bil-landpostruter.

Konsumprisen indeksen låg i gjennomsnitt for dei første åtte månadene i år 3,5 prosent høgare enn i tilsvarende periode i fjor. Frå januar til august har indeksen vist ei stiging på 1,9 prosent.

Engrosprisen indeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene i år 0,9 prosent høgare enn i tilsvarende periode i fjor.

For utviklinga i dei private inntekten har ein enno lite å halde seg til. Førerels utrekningar tyder på at inntekten pr. lønstakar før skatt vil bli vel 7 prosent større enn i 1967. Realløna vil så vidt ein no kan dømme, auke med 2–3 prosent frå 1967 til 1968.

Det private forbruket var i første halvår etter førebels utrekningar snautt 4 prosent større enn i same tidsrom i fjor. For heile året reknar ein med ein auke på om lag 4 prosent i forhold til 1967.

Bruttoinvesteringane i fast realkapital gjekk ned med vel 4 prosent frå første halvår i fjor til første halvår i år. Bruttoinvesteringane i skip gjekk ned med om lag 20 prosent, medan det for bruttoinvesteringar i fast kapital utanom skip var ein volumauke på snautt 2 prosent frå første halvår 1967 til første halvår 1968.

Kredittpolitikken har i stor mon bygd på bruk av kreditlova og på ein spesiell avtale med livstrygdelaga. Auken i utlåna frå innanlandske kreditinstitusjonar til næringslivet, kommunar og private har hittil i år vori om lag som i 1967, men mykje lågare enn rekna med ved opplegget av kredittpolitikken.

Opplåninga i utlandet har vori monaleg mindre enn i fjor.

Finanspolitikken har hittil i år ført til ei noko mindre likviditetsinndraging frå bankar og publikum enn i 1967. Samtidig har statens lånepptak vori noko mindre enn i fjor.

Den kommunale aktiviteten har stigi og ligg på eit særskilt høgt nivå. Det blir sett store krav til kommunane på ymse område, og driftsutgiftene har auka, så kommunane er framleis under sterkt økonomisk press. I 1968 nyttar 400 av dei 451 kommunane i landet strengaste skattlegging, skattøyre 19 og tabell I. I budsjettåret 1969 vil det bli brukt 290 mill. kroner til kommunal skatteutjamning og om lag 170 mill. kroner som tilskot til vegutgiftene i fylka. Visse tilhøve i fiskerinæringa, jordbruket og skogbruket har ført til svikt i skatteinngangen i enkelte kommunar.

Arbeidet med region- og generalplanlegging har komi i gang i stort omfang. Det er fastsett allmenne føresneger for nasjonalparkar. Ormtjernkampen nasjonalpark og andre område med geologisk, botanisk og zoologisk verdi er freda. Statens friluftsråd har lagt fram ei generell vurdering av behovet for friluftsområde og framlegg om område til friluftsformål på Austlandet, Sørlandskysten, Vestlandet og i Trøndelag. Arbeidet med landsplanar for verneverdigde område og føremstar er intensivert.

Distriktsutbygginga har haldi fram i auka omfang. Utbyggingsfondet for distrikta gav i 1967 tilsegn om lån og garantiar for i alt 218 mill. kroner, mot 183,4 mill. kroner i 1966. Talet for første halvår 1968 var 155,9 mill. kroner. Til flytting av bedrifter, til spesiell opplæring og til oppstartning vart det i 1967 gjevi tilsegn om tilskot for i alt 3,1 mill. kroner. Talet for første halvår 1968 var 3,8 mill. kroner.

Grunnbetaket i folketrygda vart auka 1. januar frå kr. 5 400 til kr. 5 900. Dette ført til ein tilsvarende auke av grunnpensjonane (kr. 5 900 for enkeltperson og kr. 8 850 for ektepar) og same prosentvise auke av barnepensjonar, barnetillegg og visse andre ytingar frå folketrygda.

Barnetrygdytingane vart med verknad frå 1. oktober 1967 auka til kr. 500 for 1. barn, kr. 650 for 2. barn, kr. 850 for 3. barn, kr. 1 000 for 4. barn osv. med ein stigingssum på kr. 150 for kvart barn. Frå 1. juli 1968 vart barnetrygdytingane ytterlegare auka til kr. 550 for 1. barn, kr. 700 for 2. barn, kr. 900 for 3. barn, kr. 1 100 for 4. barn osv. med ein stigingssum på kr. 200 for kvart barn.

Lovene om krigspensjonering er endra med verknad frå 1. november 1967 og 1. april 1968.

Det er fastsett nye og meir liberale føresegner om rett til ytingar for visse grupper av personar som var utsette for særlege påkjenninger i krigsåra 1939—45, og som no er heilt eller delvis yrkesuføre. Vidare er det til dels gjennomført nye føresegner om utrekninga av enkjepensjon i krigspensjoneringa.

Minstesatsen for tilskot til barn fødde utanfor ekteskap er heva til kr. 150 pr. månad, samtidig som også det maksimale forskotet som kommunen betaler på barnetilskot, er heva til kr. 150 pr. månad.

Alkoholforbruket var i 1967 4,05 liter — omrekna i rein alkohol og rekna i gjennomsnitt pr. innbyggjar på 15 år og eldre — mot 3,85 liter i 1966. Talet på drukkenskapsmisferder var i 1967 37 678 mot 33 733 i 1966. Pr. 1 000 innbyggjarar (på 15 år og meir) blir dette 13,3 misferder i 1967 mot 12,0 i 1966. I første halvår 1968 var talet på drukkenskapsmisferder 18 074.

Den allmenne helsetilstanden må seiast å vere tilfredsstillande. Det har i året ikkje vori epidemiar av farlege smittsame sjukdomar. Tiltak med sikte på å få også meslinger under full kontroll er no sette i verk. Like eins er det sett i verk praktiske tiltak for å førebu bruken av vaksine mot raude hundar, som ofte er årsak til fosterskade.

Talet på dødsfall mellom spedbarn går framleis nedover i heile landet. Sjukdomar i hjartekarsystemet, kreftsjukdomar og ulykker er framleis våre viktigaste dødsårsaker.

Den allmenne legemangelen skaper framleis store problem. Talet på ledige offentlege legestillingar har haldi seg på om lag same nivå som i dei seinare åra, ca. 30—40, eller om lag 10 prosent av talet på slike stillingar. Legemangelen gjer seg likevel ikkje lenger så sterkt gjeldande i Nord-Noreg og på Vestlandet.

Det er sett i verk visse stimulerings tiltak med sikte på å få ei betre rekruttering til folketannrøkta. I kommunar der det ikkje er innført folketannrøkt, held ein fram med skoletannrøkt på kommunal basis.

Når det gjeld nye sjukehusplassar, har det særleg gått føre seg ei sterk utbygging innan det psykiske helsevernet og åndsveikeomsorga, der talet på plassar har auka med om lag 500.

I omsorga for fysisk funksjonshemma er det lagt sterke vekt på tiltak som har sett dei i stand til å fungere i sitt vanlege miljø.

I omsorga for dei psykisk funksjonshemma er det m. a. sett i verk tiltak som har gjevi grupper av dei betre høve til å drive idrett og friluftsliv.

Ved utgangen av 1967 var det i drift 550 daginstitusjonsavdelingar for barn i førskole-

alderen. Det var ein auke på 44 avdelingar frå året før. For i år og komande år er det dessutan gjevi tilsegn om tilskot til bygging av 86 avdelingar med plass til 1300 barn. Frå 1. januar er satsane for tilskot til drift av daginstitusjonar auka med 20 prosent.

Utgiftene til kulturformål på stats- og kommunebudsjetten i 1968 er om lag 4,6 milliardar kroner, eller 6,4 prosent av samla tilgang på varer og tenester til rådvelde.

I kyrkja er det no 1 052 prestestillingar. Siste året er det gjevi løyve til å bygge 7 kyrkjer og kapell.

Talet på elevar og studentar er i skole- og studieåret 1968—69 om lag 730 000.

Samla elevtal i allmennutdannande skolar er om lag 640 000. Om lag 330 kommunar er i gang med forsøk med 9-årig skole i 1968—69.

I spesialskolane var det i skoleåret 1967—68 i alt 2 945 elevar ved 70 skolar. Undervisning på ungdomsssteget er sett i gang for blinde og tunghørde elevar, ved ein skole for evneveike og ein skole for elevar med åtferdvanskar. I 1968 er det teki i bruk nye undervisningsbygg og nye elevheimar ved 2 skolar.

I realskolen er det om lag 56 000 elevar; det er rekna med ein nedgang på ikring 5 000 elevar i samband med overgangen til 9-årig skole.

Talet på artianarar og kandidatar frå økonomisk gymnas er i år om lag 15 000 eller om lag 20,7 prosent av årskullet. I skoleåret 1968—69 vil det vere om lag 48 800 elevar i gymnas og handelsgymnas.

Elevtalet i folkehøgskolen er om lag 6 250, og av desse er om lag 2 750 i vidaregåande kurs.

I lærarskolane er det no om lag 6 930 elevar, og 1 500 i faglærarskolane. I skoleåret 1967—68 vart det uteksamert 2 600 nye lærarar frå lærarskolane og 750 nye faglærarar. I tillegg kjem dei som har teki vidareutdanning opp til eitt skoleår.

Utbygginga av yrkesskolane for handverk og industri held fram etter dei retningslinene som vart dregne opp i Stortingsmelding nr. 97 for 1964—65. I skoleåret 1967—68 hadde verkstadskolane 17 300 elevar ved vanlege kurs og dessutan elevar ved ei rekke deltidskurs. Av nye kurs som er under planlegging ved yrkesskolane, kan vi nemne kurs for yrkessjåførar og kurs for vakt- og varmemeistarar.

Kapasiteten ved dei tekniske skolane er auka både ved nybygg ved Sørlandets tekniske skole og ved at det blir sett i gang ei ny line i Bergen og dessutan eit par nye studentklassar ved andre skolar. Romprogram for den nye tekniske skolen i Telemark er godkjent.

Hausten 1968 er det sett i gang 15 forsøks-

klassar i den nye tekniske fagskolen på 11 ulike stader i landet. Det er no i gang 72 offentlege yrkesskolar for handel- og kontorarbeid, talet på heilårselevar var 7315 for 1967–68. Talet på elevar i sjømannsskolane er om lag som året før.

Det blir lagt vekt på å få kommunane og fylka engasjerte i vaksenopplæring knytt til skoleverket, med fordeling av utgiftene mellom kommunane, fylka og staten. Det er sendt ut retningsliner for vaksenopplæringa i kommunane og fylka og gjevi tilsegn om tilskot til godkjende tiltak. Dei første vaksenopplæringstiltaka på dette grunnlaget er sett i gang.

Dei friviljuge opplysningsorganisasjonane held fram med arbeidet sitt og får tilskot av staten etter faste reglar.

I samsvar med intensjonane i St. prp. nr. 92 for 1964–65 om vaksenopplæring er det gjevi høve til å ta eksamen i enkeltfag i gymnas og 9-årig skole, utan omsyn til på kva måte ein har fått kunnskapane, med rett til å få vanleg vitnemål for den som har greidd prøva i alle fag.

Samarbeidet mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Arbeidsdirektoratet held fram når det gjeld yrkesopplæring for vaksne som lekk i arbeidsmarknads- og sysselsetningspolitikken.

Studenttalet ved universitet og høgskolar i Noreg er i haust om lag 24 000. Talet på norske studentar som blir utdanna i utlandet, ligg no på om lag 3500.

Frå og med hausten 1967 er utdanningskapasiteten auka både for medisinrarar i Bergen og tannlegar i Oslo.

Universitetet i Oslo har i år teki i bruk nybygg på til saman 72 000 brutto m<sup>2</sup> for odontologi, realfag og samfunnsvitskaplege fag. Det samfunnsvitskaplege fakultet har dermed også flytta til Blindern og er samla på ein stad. Ved Universitetet i Bergen og Noregs tekniske høgskole blir det òg teki i bruk nye bygg i haust.

Ein ny skipnad for vurdering og utdeling av statens kunstnarstipend er vedteken, og i samsvar med dette er det skipa eit eige utval som har fordelt stipenda.

I 1968 er det teki i bruk 15 nye samfunnshus, 8 idrettshallar, 48 symjeanlegg og ei rad utandørs idrettsanlegg av ymse slag. Som resultat av endringa i tippelova og auka omsetnad fekk idrettsarbeidet i 1968 5,5 mill. kroner meir enn i fjar.

Pr. 10. september var det 1 130 415 som hadde løyst radiolisens og 717 147 fjernsynslisens. Fjernsynet er no ført heilt fram til Kirkenes.

Reising av nye undervisningsbygg for folkeskolen og dei vidaregåande skolane held fram

i høgt tempo. Vi reknar med at det i 1968 vil bli teki i bruk nye skolar med eit samla areal på over 450 000 m<sup>2</sup>

Statens lånekasse for studerande ungdom hadde 1. januar 1968 gjevi lån med i alt 1 140 mill. kroner sidan den vart skipa. Av denne summen var 885 mill. kroner uteståande. I studieåret 1966–67 vart det gjevi lån til om lag 39 300 studentar og elevar med eit samla utlån på om lag 186,7 mill. kroner.

I 1968–69 vil det bli delt ut om lag 170 mill. kroner i statsstipend til skoleungdom og studentar.

Utbygginga av student- og elevheimar ved universiteta, høgskolane og lærarskolane held fram.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Herre Konge.

Det 113. ordentlige Storting, som Deres Majestet i dag har åpnet, er det siste i denne valgperiode.

Trontalen omhandler mange og viktige saker som dette Storting vil få til behandling. I tillegg hertil kommer ca. 80 saker fra forrige Storting.

De internasjonale forhold har tilspisset seg. Utviklingen ute i verden har ikke ført til den avspenning vi har håpet på og arbeidet for, og gir grunn til bekymring og uro. Som Deres Majestet uttalte i trontalen, vil det bli en sentral oppgave fortsatt å arbeide for mellomfolkelig sikkerhet og fred og internasjonal avspenning. Å styrke De forente nasjoner og hjelpe utviklingslandene anser vi som nødvendige midler for en slik målsetting.

De fleste av de saker som trontalen omhandler, vedrører forhold i vårt eget land. Det er disse innenrikspolitiske saker som vil legge størst beslag på Stortings tid, og løsningen av dem vil få betydning for hele vårt samfunnsliv. Det er imidlertid ett mål som er felles for oss alle: Å bygge landet videre ut — økonomisk, sosialt og kulturelt.

Stortings gjerning er ansvarsfull. Folkets representanter deler det håp Deres Majestet uttalte at denne gjerning må bli til gagn for fedrelandet.

I forvissning om at Stortinget og hver enkelt representant vil gjøre sitt beste for å løse de mange og store oppgaver som foreligger, samles vi i det gamle ønske:

GUD BEVARE KONGEN OG FEDRELANDET!

Dette ønske ble istemt av Stortings øvrige medlemmer.